

Vekstprogram for berekraftig reiseliv

Samlingsbasert vekstprogram for reiselivsbedrifter som ønsker å satse på berekraftig heilårsturisme..



Målgruppe

- Programmet er retta mot etablerte reiselivsbedrifter på Sunnmøre med meir enn ein tilsett, som ynskjer
- å tilpasse seg og gjere strategiske endringar i forhold til utfordringar og moglegheiter som har oppstått med «det grønne skiftet» og koronapandemien
- berekraftig og lønsam vekst
- heilårsdrift
- Bedriftene må vere motiverte og villige til å investere i eiga tid både i deltaking på samlingar og arbeid mellom samlingane.

Kva vil bedrifta få igjen for å delta i programmet?

- **Bedrifta skal gjennom programmet få bistand til å utvikle ein gjennomarbeida strategi og forretningsmodell med realistiske målsetjingar og marknadsverktøy, som gir bedrifta økt lønsemd og konkurransekraft**
- Bedrifta vil få bistand til å gjennomgå eigne produkt, tenester og prismodellar for å auke lønsemda
- Bedrifta vil få hjelp til å lage ein konkret og prioritert handlingsplan for å oppnå si målsetjing om utvikling og vekst

- *Erfaringsmessig er det ein fordel om bedrifta kan stille med 2 deltakarar i programmet..*

Programinnhald



Nettbaserte samlingar – berekraftige forretningsmodellar

- 5 nettbaserte samlingar med tema berekraftige forretningsmodellar over 5 veker – oppstart 27 august
- Du vil forstå kva berekraftig og sirkulær business er, og korleis denne kunnskapen kan brukast til å designe bærekraftige og lønsame forretningsmodellar i praksis
- Du vil arbeide individuelt og i workshops med di eiga bedrift sin forretningsmodell



Samlingsbaserte lunch til lunch samlingar – marknadssegmentering, prising og lønsemd

- 2 lunch til lunch samlingar. Sosialt og nettverksbygging med dei andre deltakarbedriftene på kveldstid
- 1 samling fokus på marknadsmølegheiter, kven er kunden din, definere di bedrift sin kjerne og konkurransefortrinn.
- 2 samling fokus på prising og lønsemd. Forstå din kundes kjøps/beslutningsprosess, forstå marknadsprising framfor kostprising, ulike prismodellar som er relevante for reiseliv og koble desse opp mot eiga verksemd



Rådgjeving 1:1

- Rådgjevningsmøte med individuell oppfølging i di bedrift før og etter programdeltaking samt undervegs i programmet



Digital marknadsføring – bli god på nett

- Nettbasert samling med fokus på digital marknadsføring – korleis nå dei kundane vi ønsker å nå



Nettverk

- Programmet skal bidra til å bygge relasjonar og nettverk mellom ulike typar reiselivsverksemdar i regionen
- Målsetjing om å opprette eit nettverk mellom deltakarbedriftene med møteplassar også etter programmet er gjennomført

Praktiske detaljer

- Programmet har to fysiske lunch-lunch samlingar, elles er det lagt opp til nettsamlingar, og rådgjeving i bedrift
- Ein må pårekne noko tid til heimearbeid mellom samlingane